



Møteprotokoll

Sirdal sokneråd

Møtedato: 11.09.2024 kl. 10:00
Møtestad: Kvævemoen kapell
Arkivsak: 23/00066

Til stades: Sissel Agathe Bø, Svein Arnfinn Hompland, Arvid Tjørhom, Tone Marit Bjørnstad, Bjørg Hilde Fidjeland, Siri Elisabeth Skagestad, Knut Torfinn Øydna (Soknepresten i Sirdal), Isak Liland (Sirdal kommune), Anne Grethe Gyland Josdal (Sirdal sokneråd)

Møtande
varamedlemmar:

Forfall: Tore Kvæven, Peder Solheim

Andre:

Protokollfører: Anne Grethe Gyland Josdal

SAKSLISTE	Side
Godkjenning av innkalling og saksliste	
Godkjenning av protokoll	
FR - Saker til behandling	
39/24	FR-Søknad rammetilskudd 2025, økonomiplan 2025-2028. 2
40/24	FR-Tertialrapport pr.31.08.24 3
41/24	FR-Nye kyrkjekontor 3
Eventuelt	
SR - Saker til behandling	
42/24	SR-Kyrkje og kultur 4
Orienteringssaker	
43/24	Orienteringssaker 5
Eventuelt	

Tonstad 07.11.2024

Sissel Agathe Bø
Leiar

Anne Grethe Gyland Josdal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent

Godkjenning av protokoll

Godkjent

FR - Saker til behandling

39/24 FR-Søknad rammetilskudd 2025, økonomiplan 2025-2028.

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	11.09.2024	39/24

Saksorientering

I reguleringspremiesatsene har vi lagt til grunn forventet lønnsvekst på 4,60% og forventet prisvekst på 3,00%, basert på SSB sin prognose for 2025.
(KLP 20.08.24)

Basert på SSB kan deflatorveksten i 2025 anslås til 4,1 prosent, men usikkerheten er stor. (KS 25.06.24)

Dersom det kjem endringar fram til søknaden om rammetilskudd blir sendt til kommunen, endres søknadsrammen.

Vi må ta høgde for at flytting til nye kyrkjekontor kan medfører ev. kostnader.

Investeringsbudsjett:

Enøktiltak i kyrkjene: Det er nokre vurderingar som må gjerast før ein kan fullføre prosjektet med varmepumper.

Forslag til vedtak

Sirdal sokneråd/fellesråd søker kommunen om oppjustering av rammetilskuddet basert på budsjettprognoser for lønns- og prisvekst fra KLP/SSB.

Det må ev. budsjetterast med kostnader ifm. nye kyrkjekontor.

Møtebehandling

Vedtak

Sirdal sokneråd/fellesråd søker kommunen om oppjustering av rammetilskuddet basert på budsjettprognoser for lønns- og prisvekst fra KLP/SSB.

Det må ev. budsjetterast med kostnader ifm. nye kyrkjekontor.

40/24 FR-Tertialrapport pr.31.08.24

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	11.09.2024	40/24

Saksorientering

Kommentar:

Lønsutgifter og kjøp av varer og tenester ligg innafor budsjettet.

Forslag til vedtak

Soknerådet/fellesrådet tar tertialrapporten til orientering.

Møtebehandling

Vedtak

Soknerådet/fellesrådet tar tertialrapporten til orientering.

41/24 FR-Nye kyrkjekontor

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	11.09.2024	41/24

Saksorientering

Kommunen gjekk i vår ut med at NAV var aktuelt lokale som nytt kyrkjekontor. Portefølgjeutvalet var på befaring i juni for å sjå nærmare på lokala. Det ligg ingen konkrete forslag frå kommunen til nye kyrkjekontor på NAV pr.no.

Kyrkjeverjen har vore i møte med kommunedirektøren. Kommunen ønskjer at soknerådet/fellesrådet tek stilling til kva som er kyrkja sine behov. Er det eit

kyrkjekontor for framtida, eller midlertidige kontor medan ein arbeider mot eit kombinert kontor–og kyrkjelydsbygg?

Kommunedirektøren ønskjer at Soknerådet/fellesrådet tek stilling til dette innan neste møte i Portefølgjeutvalet som er 19.september.

Arbeidsutvalet for nye kyrkjekontor har møte fredag 6.sept. Dei informerer meir om saka, og om befaringa dei var på i Kvinesdal, i møtet.

Forslag til vedtak

Arbeidsgruppa legg fram forslag til vedtak.

Møtebehandling

Arbeidsutvalet la fram forslag til brev til Portefølgjeutval og Kommunedirektør, og forslag til mandat.

Vedtak

Soknerådet/fellesrådet godkjenner brev til Kommunedirektør og Portefølgjeutval ang. nye kyrkjekontor

Soknerådet godkjenner mandat til Arbeidsutvalet for nye kyrkjekontor.

Eventuelt

SR - Saker til behandling

42/24 SR-Kyrkje og kultur

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	11.09.2024	42/24

Saksorientering

Redaksjonskomite: Lars Audun Fodstad (redaktør) og Sven Egil Testad trekk seg frå redaksjonen fom. 2025, og det er berre Sissel Agate Bø igjen- i tillegg til kyrkjeverjen. Komiteen treng nye folk.

Soknerådet må ta stilling til Kyrkje og kultur si framtid, og ev. rekruttere nye medlemmar til redaksjonskomiteen.

Sirdal kommune har i siste nummer ikkje hatt kapasitet til å levere sidene med kulturstoff slik dei har gjort tidlegare.

Det er uklart om dei er med vidare, sidan kommunen no har sitt eige infomagasin. Det er tatt kontakt med nyansatt informasjonskonsulent.

Det er pr.no usikkert om vi vil bli invitert med i infomagasinet, og korleis våre bidrag ev. vil bli. Informasjonskonsulenten vil kalle inn til møte når han har fått oversikt over saka.

Forslag til vedtak

Kyrkjeverjen følgjer opp saka etter møte med kommunen.

Møtebehandling

Det kom fleire innspel i saka. Soknerådet meiner at kyrkjelyden bør fortsetje å gi ut bladet, og såg på fleire alternative løysingar dersom det blir ei endring i samarbeidet med kommunen.

Vedtak

Siri Elisabeth, Tone Marit, Knut Torfinn og Arvid spør aktuelle personar om å vere med i redaksjonskomiteen.

Kyrkjeverjen følgjer opp saka etter møte med kommunen.

Orienteringssaker

43/24 Orienteringssaker

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	11.09.2024	43/24

Saksorientering

1. FR-Personalsituasjon
2. FR-Lønsjusteringar for 2024 er avslutta, med ei total ramme på 5,2%, pr.01.05.24.
3. FR-Vår organist har fått ny stillingskode pr.07.08.24 etter fullført og bestått kontor-utdanning.
4. SR-Evaluering Gullkonfirmantar 18.08.24.
5. SR-Evaluering Sirdalsdagane 7.- 8.09.24.
6. SR-Inspirasjonssamling NMS, Kvinesdal Menighetssenter 19.september kl 18.00.

Møtebehandling

Vedtak

1. Tatt til orientering
2. Tatt til orientering
3. Tatt til orientering
4. Gullkonfirmantar: Vi held fram med same opplegg i 2025.
5. Sirdalsdagane: Vellukka arrangement også i år, vi held fram med same opplegg i 2025. Sjekke om kyrkjelyden eig jordet på andre sida av gravplassen, slik at kyrkjelyden ev. kan få inntekter på parkering.
6. SR-representantar oppfordres til å vere med på samlinga.

Eventuelt

- Sjå på og revidere vedlikehaldsplanen for kyrkjebygga etterkvart. Det trengs m.a. div. vedlikehald på Kvævemoen kapell utvendig.
- Forslag om dugnader i kyrkjene til våren, kyrkjetenar ansvarleg.
- Takettersyn på dei fire kyrkjebygga blir utført i haust.
- Kvævemoen kapell: Teppet er slitt og trengs oppfiksing.
- Soknepresten orienterte om status gudstenesteplan for 2025, og Tro og lys-samling/gudsteneste 18.09.24 på Tonstad.

44/24 FR-Brev til Kommunedirektør og Portefølgjeutval ang. nye kyrjekontor

45/24 SR-Mandat til Arbeidsutvalet for nye kyrjekontor